



Olaus O. Fjørtoft



Karl Aarsæther

og folkeliv, og han åtte ein heilrend karakter, som ein trygt kunne lita på. Alltid stod han budd til å ta eit tak når det trondst.

Johan Seland var serleg nytta til foredragshaldar. Han var ein framifrå god talar. Når Seland kom på talarstolen, anten han så tala eller fortalte, vart det alltid fest i laget. Han var og ein framifrå opplesar.

Han døydde i 1915, berre 53 år gammal. Han vart brys-sjuk på ei foredragsferd i Gauldalen, og dette vart døden hans. Mange eldre sunnmöringar minnest Johan Seland med takk.

Karl Aarsæther.

Han er fødd i Ørsta i 1878, og var der til han var 18 år gammal. Då kom han til Ålesund.

Aarsæther tok til på skulevegen og tok juridisk embetseksamen i 1906, sidan har han vore sakførar i Ålesund og er det framleis.

Han har hatt stor samhug med målsaka, og vart tidleg fengd av norskdomsarbeidet.

Aarsæther var med og skipa u.l. «Ivar Aasen» i Ålesund i 1905, sidan vart han formann i laget, og var det i 3 bolkar. Han møtte ofte på styremøte i ungdomssamlaget i tida fram til første krigen, og var med i råd og dåd. Dersom det var tvil om eit juridisk spørsmål, var Aarsæther den faste retteliaren åt ungdomssamlaget.

Då Jon Aasen flytte til Ørsta i 1912, tok Aarsæther over kassestyrarjobben, men vart ikkje fast tilsett før i 1913. Han var kassestyrar til 1920.


Aarsæther har vore ein naturelskar, og har gjennom åra teke mange og lange fjellferder. Enno er han ein sprek kar, og han fyl vake og interessert med i dei sakene han vart glad i, i ungdomsåra.

Edvard Røssaak.


Han er fødd på Harøya 4. juni 1873. Enno kan ein høyra nordøyklangen i målet, dei 50—60 åra i Ålesund har ikkje greitt å viska ut tonen som fortel så tydeleg kvar vogga stod. Og målmannen vakna tidleg i han. Alt i 13—14-årsalderen ga han læraren sin det svaret at han måtte ikkje koma og læra dei dansk. Sidan har Røssaak vore tru mot ungdomssaka si. Ein åndsdåp fekk han gjennom broren Knut, som gjekk folkehøgskulen hjå Chr. Bruun. Denne broren var svært evnerik, men dei økonomiske tilhøva stengde for skulevegen, difor vart det Amerika-reis i staden, og der døydde han ung.

Edv. Røssaak gjekk amtskulen i Fræna, seinare underoffiserskulen i Trondheim. Deretter gjekk han skogskulen i Steinkjer.

Han hadde så ymse jobbar før han kom til Ålesund i 1897. Her var han først hjå Krosbye i 3 år, seinare arbeidde han i ymse firma, mellom anna 10 år hjå Andreas Boen. I denne tida var han elles direktør for Nordre Hordmørke



Edv. Røssaak



L. A. Sollid

Dampskipsselskap i 5 år, til dess selskapet gjekk opp i Møre Fylkes Ruteselskap.

I 1918 vart han kassestyrar i Ålesund telefonsamlag, og styrer med kassa og eigedomane deira framleis. Telefonsamlaget hadde kontor i Grimmergt., men i 1947 tok staten over bytelefonen, sidan har Røssaak hatt kontoret på Kaffistova.

Røssaak dreiv og meglar-verksemd i mange år.

I 1921 vart han kassestyrar i Sunnmøre frilynde ungdomssamlag, og har hatt den jobben sidan. Elles har han att gjennom åra ført rekneskapen for mange lag og verksemder. Røssaak var aktivt med då Ålesund Kaféforening vart skipa i 1935, og har vore formann der i fleire år. Hausten 1952 vart han heiderslem i Norsk Kaféforbund.

Men arbeidet mellom ungdomen har vore det kjæraste for Røssaak, og han har gjort eit stort og verdfullt arbeid for samlaget. Når ungdomssamlaget står så godt som det gjør økonomisk, har Røssaak ein stor del av æra for det.

Edv. Røssaak har vore ein svært dugande forretninga-

mann. Ofte kunne ein tru at han var først og fremst det, men kom ein mannen nærmare, merka ein snart hans rike hjartearme. Røssaak var raust når han såg at saka hadde livsrett, og førde frametter. Og han har djup skjønsemd for åndsverdiane. Kameratsleg er han som få andre, og kan legga eit friskt liv over laget. Røssaak trivst mellom ungdomen, og ungdomen har likt seg der Røssaak var. Røssaak sa gjerne dei morosame orda som skulle seiast i slike stunder.

Den som kjenner Røssaak, må verta glad i han, for det fyl slik hjartearme og ærlegdom med han.

No i vår fekk han Kongens fortjenestemedalje i sylv for godt og byggjande samfunnsgagnleg arbeid.

Hugen hans er framleis fylt med ungdomsglød, og skjermen fell lett og råkande. 81 år er liksom ingen alder for slik «ein ungdom frisk». Ungdomselen brenn mykje klårare i han enn i mange 20-åringar. Me vonar at me enno i mange år får ha *personlegdomen* og *ungdomen* Edv. Røssaak i mellom oss.

L. A. Sollid.

Han gjekk ut av styret no i vår, etter å ha vore med i 25 år. Sollid er fødd i Vaksvikbygda i 1891, og tok eksamen ved Elverum lærarskule i 1916. Same året vart han lærar i Ørskog, først 2 år i Ramstad krins, og frå 1918 i Vaksvikbygda. Der har han vore sidan, bortsett frå eitt år, då han var lærar ved Sunnmøre fylkesskule.

Sollid har fylgt vake med i utviklinga i læraryrket, og har gjennom åra gått ei mengd kurs. I 1920 gjekk han eit lærarkurs ved Askov folkehøiskole i Danmark, elles har han gått teiknekurs, songkurs, hagebrukskurs og studieleiarkurs. I 1920 hadde han kommunalt stipend til ei studieferd til Danmark. I 1939 og 1949 hadde han statens reisestipend til Sverige og Danmark, og hausten 1953 stipend av «Fondet for Dansk-Norsk Samarbeid» til eit studieopphold i Danmark.